

D A L A V A T N E T

Fiskeanalysen var foreteken den 4. aug. 1981.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, nord for Stølsvatnet, og ved dei nedlagte gardsbruka på Foss.

Arealet er omlag 9 ha. og h.o.h. 307 m.

Stranda består av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn over det heile, og ein kan sjå botn over store deler av arealet.

Gjørmebotn er dominerande.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om skogsmark med spreid bjørkeskog.

Hovudtilsaget fell inn i nord og kjem frå div. mindre vatn.

Avlaupet renn ut i sør til Stølsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr). Surheita pH er målt til 5.10 som er noko surt for rogn og yngel men likevel brukande.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 1.85 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) er også 1.85 mg/l. Vatnet er kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 27.5.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver og pupper, knottlarver, svevemygg, vårflugelarver, vassteger, augnestikkarlarver og div. luftinsekter. Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein fattig prøve.

Fisk m.v.

Fiskeslaga er ferskvassaure og ål.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 46 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut:



Det vart teke prøver av 29 aurar og av desse var 25 kvite, 3 stk lys-røde og 1 rød i fiskekjøttet.

Vidare var det 23 hanfiskar og 6 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

23 fiskar (79%) var gytefisk - resten gjeldfisk.


Medelvekta av gytefiskane var 123 gram. Den største fisken var 255 gram og 29 cm.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.3	9.6	14.6	19.6	22.3	28.4
Årleg lengdetilvekst i cm	4.3	5.3	5.0	5.0	2.7	6.1
Antall fiskar	29	29	29	27	19	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.96 tilseier noko mager, langstrakt fisk.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Dalavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som ein vil sjå av vekstkurven, så har auren i Dalavatnet ein lengdetilvekst under normalen, like frå fyrste år av. Auren går mot ei maksimal lengd på ca. 25-30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Det oppsvinget som kurven gjer ved 5 års alder kan ein sjå bort frå, då dette berre skuldast 1 fisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt, og med eit fiskebestand som er for stort i høve til næringsforrådet.

Dei kjemiske tilhøva er ikkje gode og vatnet har ei svak bufferemne.

Mageprøvene syner likevel næringsdyr av ymse slag, men planktonprøven var fattig.

Ser vi på fiskefangsten, så er fiskestorleiken noko einsarta og over 60 % av fangsten er i storleiken 22-25 cm. Fisk under 20 cm vart ikkje fanga i det heile og det er ting som tyder på at småfisken er i ferd med å forsvinne.

Vekstkurve og kondisjonsfaktor tilseier eit fiskebestand i overkant av vatnet si bæreemne.

Vatnet befinn seg i grenseland når det gjeld formering og det er grunn til å tru at rekrutteringa i dei 2-3 siste åra har vore minimal. Når pH ligg på omlag 5.0, og til tider av året under dette, vil rogn og yngel ikkje tåle eit så surt vatn. I og med at det nå kjem minimalt med yngel og småfisk ut i vatnet, blir tilhøva relativt gode for den større fisken, og ein får gjerne etter få år, fin fisk. Men etter kvart som denne blir oppfiska, eller av andre grunnar går ut, blir vatna fisketome. Det kan sjå ut som om det er dette som er i ferd med å skje i Dalavatnet.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle også når det gjeld surheit, og er ikkje dette i stand til å nøytralisere nedbøren, har det lett for å gå galt. Det er undergrunnen (bergarten) i nedslagsfeltet som spelar inn.

Gytetilhøva er gode i hovudtilsiget på nordsida og ville normalt kunne forsyne både Dalavatnet og fleire ^{med} småfisk, men dette vil neppe vera tilfelle i dag.

Praktiske tiltak.

Der er i dag eit relativt stort fiskebestand i Dalavatnet, slik at ein med fordel kan redusera dette. Den fisken ein tek ut er heilt ypperlig som setjefisk og bør nyttast til dette. Fisken må fangast ved hjelp av El. fiskeapparat på bekken om hausten. For å nyttiggjera seg den større fisken i vatnet, kan ein fiske med garn av 18 og 20 omfar. Mindre garnomfar bør ikkje nyttast. Ved å ta eit prøvefiske kvart år, i dei næraste åra framover, vil ein kunna få konstantert korleis det står til med rekrutteringa. Vidare bør ein gå over gytebekken om sumaren, når vassføringa er liten, og sjå etter yngel og småfisk. Dei observasjonane ein gjer på gytebekken er av stor interesse. Elles er det ikkje så mykje ein kan taka seg fore når det gjeld surt vatn. Skulle det syne seg å vera rett det som her er skrive, og at fisken er i ferd med å forsvinne, så kan dette rettast på ved utsetjing av fisk.

Stavanger 23/4 1982

Einar Berg